



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
18.06.2018
Dykkar dato
14.06.2018

Vår referanse
2018/4 611
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Svarbrev - bemanning- og pedagognorm i barnehage

Radøy kommune stiller nokre spørsmål om pedagognorm og bemanningsnorm i to barnehagar i kommunen. Fylkesmannen orienterer med dette generelt om endringane som er vedtatt, og kommunen må berekne bemanning i samsvar med desse krava.

1. Pedagognorma inneber krav om minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år. For barn over tre år er kravet minst ein pedagogisk leiar per 14 barn. Barn blir rekna som tre år frå 1. august det året dei fyller tre år.

Barnehagane må innfri den skjerpa pedagognorma innan 1. august 2018. Pedagognorma skal vere oppfylt for barnehagen som heilskap og regelen stiller ikkje krav til gruppestørrelse eller gruppetilhørighet for barn.

2. Bemanningsnorma stiller krav om minimum ein tilsett per tre barn under tre år, og ein tilsett per seks barn over tre år. Bemanningsnorma blir innført 1. august 2018. Frå då har barnehagane eitt år på seg til å innfri kravet. Etter den tid kan kommunen gi dispensasjon frå kravet til grunnbemanning dersom særlege omsyn tilseier det.

Vi viser elles til informasjon om endringane i barnehagelov med forskrifter, på utdanningsdirektoratet sine nettsider.

Med helsing

Marianne Svege
seniorrådgjevar

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.